



Heine Grindheim

Grindheim  
5936 MANGER

Dykkar ref. Vår ref. Saksbehandlar – tlf. Arkivkode Dato  
2008/1563 - 0 - 17217/2009 Linda Folkestad - 56375170 139/26 07.08.2009

## Vedrørende søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle, Gbnr. 139/26, Alversund.

Syner til brev motteke 31. juli 2009 vedrørende søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg, Gbnr. 139/26, Alversund. Etter synfaring på staden og vurdering av forholda gjev vegavdelinga løyve til dette på følgjande vilkår (standard krav):

- Avkjørsla skal være bygd slik at den tilfredsstiller dei tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet. På dei to første metrane skal avkjørsla ha eit fall frå kommunevegen på 2,5% (5cm). Verdiane gjeld veg med ferdig dekke (asfalt, oljegrus osv).
- Under avkjørsla skal det leggast ned dreneringsrør. Dreneringsrør skal ha ein indre diameter etter behov, men skal ikkje være mindre enn 200mm. Dreneringsrøret skal leggast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.
- Avkjørsla skal være bygd slik at det er god oversikt i vegkrysset og slik at den fører til minst muleg ulempe for trafikken langs offentleg veg. Så vidt det er muleg skal avkjørsla leggast mest muleg vinkelrett på den kommunale vegen.
- Det skal være uhindra sikt i eit område langs kommunevegen på kvar side av avkjørsla (sjå vedlagt kart). Fri siktsone vert konstruert ved hjelp av ein sikttrekant frå eit punkt 4m inn i avkjørsla (målt frå kant communal veg) og minimum 30m i kvar retning (målt langs kant av communal veg).
- Siktsona skal være fri for sikthindringar som mur, hekk, buskvekstar, knausar, byggverk eller andre sikthindringar som er høgare enn 0,5m over hovudvegens nivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla. Siktsone kan ikkje nyttast til parkering.
- Svingradius i avkjørsla skal være slik at ein kan svinge til både høgre og venstre i kommunevegen. Svingradius er satt til minimum 3m (sjå vedlagt kart).

- Dersom avkjørsle er adkomst til garasje, forretning, driftsbygning eller regelmessing nyttet til bil kjøring skal det utanfor vegområde innrettast snuplass slik at rygging inn og ut frå offentleg veg unngåast.

Det er §§ 29-31 og 40-43 i Veglova, vegenormal 017 (eldre utgåve) og 018, samt forskrift av 1964 (FOR-1964-07-16 nr. 3905) som gjev lovheimel for at vegmynde skal setje krav til avkjørsle frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve overnemnte regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på dei vilkår som er nemnt ovanfor.

Med helsing

*for*

einingsleiar teknisk drift

Linda Folkestad  
saksbehandlar teknisk drift

Kopi til:  
Benjamin Stephen Hugo Hicks